

Ny sals- og marknadsdirektør i Wattn

Frank Torheim er tilsett som CCO i Wattn og tek til i stillinga 1. september.

Han jobbar i dag som Head of commercial performance for privatmarknaden i Telia, eit av dei største teleselskapa i Norge. Han har lang fartstid i telekonsernet, og har hatt ei rekke leiande roller knytt mot den kommersielle satsinga der.

Frank Torheim er oppvaksten i Nordfjord, og flyttar no heim for å leie og vidareutvikle Wattn sin kommersielle strategi. Sidan lanseringa i 2021 har Wattn jobba tett med kundane i utvikling av produkt og tenester, som skal dekke marknaden sitt behov for innsikt og kontroll over straumforbruket. Torheim vil jobbe aktivt med strategi- og forretningsutvikling med kundeopplevinga i sentrum, og vil vere sentral i den pågåande transformasjonen til eit meir innovativt og kundeorientert marknadsselskap.

- *Straum og straumforbruk har blitt meir aktuelt for folk flest, med heimelading av elbilar, smarthus-teknologi og kontinuerleg måling av straumforbruk og prisar. Det er lett å gå seg vill i alt dette, men Wattn skil seg ut med forenkling, lokalt engasjement og høg truverdigheit. Eg likar særleg godt fokuset på berekraft, rådgiving og det å gi kundane gode opplevingar. Eg er stolt og glad for å ha blitt ein del av Wattn-laget, og ser fram til å bidra til positiv vekst og vidare utvikling seier Frank Torheim.*

Administrerande direktør i Wattn, Arne Thomas Haram, er veldig fornøgd med å ha fått på plass ein CCO som skal bidra til å løfte selskapet og nå vekstambisjonane.

- *Frank tar med seg relevant erfaring, og vi har stor tru på at han er den rette til å bidra i arbeidet med å styrke Wattn sin posisjon og leie selskapet til vidare kommersiell vekst, avsluttar Haram.*

Om Wattn

Straumselskapet Wattn er eigd av TAFJORD, Sogn og Fjordane Energi, Tussa og Sognekraft.

Vi tilbyr framtidretta produkt og tenester med fokus på smart teknologi og berekraftig utvikling. Målet vårt er å hjelpe kundar å forstå og kontrollere straumforbruk og kostnadar. Saman med kundane ønsker vi å redusere straumsløsing og skape ei berekraftig framtid. Wattn har 45 tilsette fordelt på kontor i Ålesund, Sandane, Førde, Ørsta, Stryn, Vik i Sogn, Stranda og Kvinnherad.